

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/2658-1

## Høyringsnotat frå kommunal- og moderniseringsdepartementet

### Innspel til høyringsnotatet vert lagt fram i møtet frå medlemmene i fylkesrådet

#### Vedlegg:

Brev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Høyringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Samandrag**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender, i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, ut eit høyringsnotat med forslag om ei ny bestemming i kommunelova § 10 b om råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing.

I høyringsnotatet foreslår Kommunal- og moderniseringsdepartementet at eldre og personar med funksjonsnedsetjing fortsatt skal ha ein lovpålagt rett til medverknad, medan ei tilsvarende lovfesta ordning for ungdom skal vere frivillig for kommunane og fylkeskommunane.

Regjeringa meiner det er viktig med medverknad frå ulike grupper av innbyggjarar som er særleg avhengige av tenestene frå kommunane og fylkeskommunane. Ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing er ofte underrepresenterte i folkevalde organ. Regjeringa ønskjer derfor at desse gruppene skal høyrast i saker som gjeld levevilkåra deira. For å sikre like reglar, og for å gjere det enklare for kommunane og fylkeskommunane å forvalte medverknadsorgana, foreslår Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) at kommunelova får ei ny generell føresegn om råd i kommunane og fylkeskommunane for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing. Forslaget er utarbeidd i samråd med Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD).

Eit arbeid med å revidere kommunelova er i gang. Kommunelovutvalet blei oppnemnt 21. juni 2013, og skal gå igjennom kommunelova. Målet er å styrke det kommunale sjølvstyret. Utvalet har fått utvida frist til 10. mars 2016 for å levere utgreiinga. Ifølgje pkt. 4.5 Medvirkningsordningar i mandatet skal ikkje utvalet sjå nærare på kommunale medverknadsordningar (eldreråd, ungdomsråd mv.). Bakgrunnen er at lovprosjektet med medverknadsordningar i kommunar og

fylkeskommunar har vore eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre departementa. Det inneber at forslaget til ny føresegn i kommunelova om råd i kommunane og fylkeskommunane for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing blir fremja i eit eige løp, uavhengig av arbeidet med ny kommunelov.

Høringsuttalar skal gjevast digitalt på [www.regjeringen.no/2475169](http://www.regjeringen.no/2475169)

Frist for høyring er **20. mai 2016**